



› Utdrag av Giske Kommune sin rekneskap for 2020

Økonomisk oversikt drift - inntekter

Økonomisk oversikt drift - Driftsutgifter

Utvikling i fordeling - driftsinntekter

Utvikling i fordeling - driftsutgifter

Sum driftsinntekter, sum driftsutgifter, Disposisjonsfond

Oversikta viser forholdet mellom sum driftsinntekter, sum driftsutgifter og disposisjonsfond, og ein ser at driftsinntektene og driftsutgiftene er nesten samkøyrde. Dette viser at driftsnivået er for høgt og kommunen sin evne til å betene gjeld, finansiere investeringer og avsette midler til fond er svekka. Disposisjonsfondet er null og må byggast opp skal kommunen ha ein berekraftig økonomi.

Løn og sosiale kostnader utgjør ein stor del av kommune sine utgifter. Det vart i 2020 utbetalt 236,421 mill. kr i fastløn, ei auke på 0,03% frå 2019, men ein nedgang på 4,69 % frå budsjettet. Variabel løn (unntatt sjukevikar over 16 dagar og permisjonar med refusjonsrett) hadde eit meirforbruk på 19,7 mill kr, 42,27% og 2,74 % mindre enn i 2019. Meirforbruket vert dekt av sjukelønsrefusjon som ikkje er budsjettet. Sosiale kostnader vart ca 244 000 kr (0,31%) over budsjett. Dette skriv seg i hovudsak frå endringa i premieavviket og bruk av premiefond. **Teknisk Beregnings- og Statistikkutvalget for Kommunesektoren (TBSK) har enno ikkje rekna årslønsveksten fra 2019 til 2020 for kommuneansatte.**

Giske kommune hadde eit mindreforbruk høve budsjettet løn og sjukelønsrefusjon på 2 mill kr i 2020. På grunn av det pågåande koronautbrotet vart lønsoppgjøret utsatt og lavere enn budsjettet. Det vart også nedsett arbeidsgiveravgift i 3 termin. Kor mykje dette utgjør er vanskeleg å anslå, men hadde dette vore som normalt ville kommunen hatt eit meirforbruk.

Der ligg ein periodiseringsfeil i rekneskapet ved at variabel løn frå desember er ført i januar året etter. Endring av periodisering av variabel løn er delvis rekneskapsført i 2020 med, ca 1,4 mill.kr, og er med i oversikta ovom. Det var ikkje avsatt ekstra midler for å dekkje dette.

Netto driftsutgifter per rammeområde

	Regnskap	Buds(end)	Avvik	Forbruk i %	Budsjett	Regnskap
Rammeområde	2020	2020			2020	2019
1 POLITISK STYRING	4 041 547	3 825 139	216 408	106	3 825 139	4 154 614
2 KOMMUNE LEIING - STAB	16 573 017	16 754 476	-181 459	99	16 754 476	18 052 736
3 FELLESUTGIFTER/FELLESINNTEKTER	18 524 284	1 134 482	17 389 802	1 633	1 244 009	2 262 540
4 DIVERSE TENESTEOMRÅDE	8 538 125	9 823 838	-1 285 713	87	9 823 838	9 167 896
5 OPPVEKST	208 785 755	212 254 511	-3 468 756	98	210 877 324	211 677 796
6 BARN, FAMILIE, HELSE	48 167 936	48 365 308	-197 372	100	48 036 052	40 291 281
7 PLEIE, OMSORG OG SOSIAL	156 839 919	148 403 780	8 436 139	106	147 998 780	146 953 430
8 MILJØ OG KULTUR	6 164 144	6 788 441	-624 297	91	7 988 441	8 635 657
9 TEKNISK	53 071 365	52 427 091	644 274	101	50 891 171	56 260 378
Sum gruppeansvar: 10 KYRKJELEGE FØREMÅL	5 783 257	5 758 000	25 257	100	5 758 000	5 031 128
Sum rammeområde	526 489 349	505 535 066	20 954 283	104	503 197 230	502 487 456

Detaljar kring dei enkelte rammeområde kjem lenger bak under del 2 Einingar.

Det har gjennom heile året og vore arbeidd med tiltak for å ta ned drifta. Fokuset på tiltak frå økonomiplanen, samt nye tiltak har vore stort og det har vore månadlege rapporteringsmøter. Kommunedirektøren har hatt krav om fokus på eit solidarisk ansvar for den samla kommuneøkonomien, ikkje berre på det enkelte rammeområdet.

Om ein samanliknar med rekneskap frå 2019 justert med konsumprisindeksen på 3,3% ser ein at driftsnivået har auka tilsvarande 7,4 mill. kr.

